



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Sande kommune

Tilsynsdato: 17.11.2016

Rapportdato: 31.01.2017

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	25.05.2016 (formøte) 17.11.2016 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset, 6084 LARSNES
Kommunennummer:	1514
Kontaktperson i kommunen:	Oddbjørn Indregård
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	04.01.2017
Endeleg tilsynsrapport sendt:	31.01.2017
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	17.03.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sande kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før/under tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Risiko- og sårbarheitsbilde for Sande kommune	27.09.2016
2.	Kommuneplan – Arealdelen 2013 – 2025 Overordna ROS-analyse	20.05.2013
3.	Kriseplan Sande kommune	00.00.2015
4.	Informasjonsplan beredskap – Sande kommune	01.07.2013
5.	Kommunal Planstrategi 2012 – 2016	Ikkje datert
6.	Kommuneplan 2008 – 2020 Samfunnsplan	00.02.2009
7.	Skredfarevurdering av geolog Einar Anda	Ikkje datert
8.	Kommuneplan 2014 – 2026 Arealdel, Planomtale med vedlegg	07.08.2015
9.	Føresegner til kommuneplanen sin arealdel 2014 – 2026 rev.	17.12.2015
10.	Naturmangfaldlova – Utgreiing og vurdering av tiltaka i framlegg til rev. Kom.plan	07.08.2015
11.	Konsekvensutgreiing - Utgreiing og vurdering av tiltaka i framlegg til rev. Kom.plan	07.08.2015
12.	Reguleringsplan – Bustadfelt B11 på Almestad – Gursken med vedlegg	Ikkje datert
13.	ROS-analyse Sande kommune Brannvern 2010 med vedlegg	Ikkje datert
14.	Plan for sikkerhet og beredskap i vannforsyningen – Del B. ROS-analyse	06.09.2016
15.	Plan for sikkerhet og beredskap i vannforsyningen – Del A. Fareindikasjon	06.09.2016
16.	Styring av Informasjonssikkerhet – utskrift frå Kvalitetslosen	25.06.2012
17.	Risikovurdering IKT Sande	08.11.2013
18.	Kriseleiinga – referat frå møte 29.01.2016	29.01.2016
19.	Presentasjon – Møte med politiet 02.06.2014	02.06.2014
20.	Situasjonsrapport nr.1 – Øving Fårikål 2014	29.09.2014
21.	Logg kriseleiing – Gras/lyngbrann Sandsøya laurdag 01.02.2014	01.02.2014
22.	Øving Fårikål 2016 – Evalueringsrapport	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i>
23.	Øving Ulukke i utlandet – Evalueringsrapport	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i>

1.5 Gjennomføring

Formøte med Sande kommune vart gjennomført 25.05.2016. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 17.11.2016. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Dag Vaagen	Ordførar	X	X	X	X
Asle Giske	Rådmann		X	X	X
Oddbjørn Indregård	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Kjell Martin Vikene	Teknisk Sjef	X			
Kari Johanne Skarmyr	Einingsleiar HBO	X			
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Tilsynet viste at Sande kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap, og dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd.

Kommunen har starta på arbeidet med heilskapleg ROS-analyse, og har i den samanheng utarbeida eit risiko- og sårbarheitsbilde for kommunen i september 2016. Her har ein grovt skissert aktuelle risikoforhold i kommunen, og vi oppfattar det som ein ramme/plan for det vidare arbeidet med heilskapleg ROS-analyse. I tillegg vart det utarbeidd ein overordna ROS-analyse i samband med kommuneplanens arealdel i 2013. Forskrifta har lista opp fleire minimumskrav til kva den heilskaplege ROS analysen skal omfatte, og det står noko att for at Sande kommune oppfyller desse forskriftskrava. Vi vil rå kommunen til å legge opp arbeidet med å slutføre heilskapleg ROS i tråd med rettleiaren til forskrifta.

Beredskapsplanen er sist oppdatert i 2015. Planen er såleis ikkje utarbeid med utgangspunkt i funna i ROS-analysen. Elles er planen basert på ein mal frå fylkesmannen frå 90-talet og er moden for revisjon basert på funna i heilskapleg ROS. Varslingslister og ressursoversiktar kunne med fordel vore flytta over til CIM.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i forankra på strategisk nivå, i kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategien, men er noko fragmentert og alt-heng-ikkje-i-hop-med-alt. Vi ser at det kan være potensial for eit styringsdokument som kan fungere som bindeledd mellom strategisk plannivå og beredskapsdokumentasjon, og som oversikt over korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Tre forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Sande kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, litra b, c, d, e, f og 3. avsnitt

Utdjupande kommentar:

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berebjelken i den kommunale beredskapsplikta, og forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i §2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ROS-analysen skal innehalde. ROS-analysen knytt til arealdelen går gjennom viktige risikoforhold i kommunen, og dannar eit godt grunnlag å ferdigstille ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen manglar oversikt over ROS-faktorar utanfor kommunen, korleis svikt i kritisk infrastruktur vil påverke kommunen, vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønskte hendingar og vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Avvik nr. 2

Sande kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 første ledd.

Utdjupande kommentar:

Planverket oppfyller ikkje kravet om at det skal ta utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen og kravet om at det skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- forankre ny heilskapleg ROS analyse tettare i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt, i tråd med DSB sin rettleiar for heilskapleg ROS.
- inkludere plan for oppfølging av funn og tiltak i prosessen med revisjon av den heilskaplege ROS-analysen, og gjerne i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar.

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- styrke kriseplanen si samordning og integrering av øvrige beredskapsplaner, jf. førre tilsynsrapport.
- vurdere å flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.
- vurdere å oppdatere sin plan for befolkningsvarsling i tråd med tilgjengeleg teknologi som kommunen allereie brukar, som UMS til SMS-varsling.
- vurdere ei betre beskriving av korleis kommunen skal informere sine tilsette ved kriser og uønska hendingar.

Merknad nr. 3

Kommunen bør:

- vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Eit slikt styringsdokument kan fungere som eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet, og vil kunne imøtekome to av avvika frå tilsynet. Det vil òg styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:
 - rutinar for faste møte i kriseleiinga
 - rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
 - rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419